



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
|         | Formannskapet | 07.04.2016 |

## Førdepakken - flytting av bomstasjon nr. 3 - E39 Bruland (Førde aust)


### Bakgrunn for saka:

Førde kommune vedtok i mai 2015 kommuneplanen sin arealdel, og i denne vart det opna for å bygge handelspark på Brulandsvellingene. Planlagd tilkomst til handelsparken kan komme i konflikt med ein av bomstasjonane i Førdepakken (2013), bomstasjon nr. 3 E39 Bruland (Førde aust). Tiltakshavar for handelsparken meiner at plassering av tilkomsten (rundkøyring) der bomstasjonen er, er avgjerande for handelsparken. Førdepakken har forsøkt å få til ein flytting av bomstasjonen før denne no skal byggast.

### Saksutgreiing:

Plassering av bomstasjonar i Førdepakken var del av bompengesøknaden i 2013. Bompengesøknaden innholdt 5 bomstasjonar, med ein 6. bomstasjon knytt til eit av prosjekta (tiltak 20). Plasseringa av bomstasjonane var vurdert og kvalitetssikra som dei mest optimale plasseringane i høve det bompengeopplegget som det vart søkt om.

Førdepakken som bompengeprojekt vart vedteken i Stortinget i juni 2015, Stortingsproposisjon 137 S (2014-2015), 05.06.2015, Innstillings 394 S, 15.06.2015, vedtak 750 i Stortinget 18.06.2015.




### Plassering av bomstasjonar i Førdepakken (2013)

Parallelt med handsaming av bompengesøknaden hadde Førde kommune under utarbeiding og handsaming ein revisjon av kommunen sin arealdel. Denne vart vedteken 28.05.2015.

Vesentleg moment i kommuneplanen sin arealdel var plassering og storleik av ein handelspark på Brulandsvellingene. Det var i 2014 spelt inn areal til denne handelsparken med mogeleg tilkomst og trafikksystem frå E39. Fokus i drøftingane i samband med arealdelen og handelspark var om det skulle opnast for handelspark, og kor stort arealet kunne vere. Eventuell konflikt med plassert bomstasjon og tilkomst til handelspark var ikkje i fokus, og det var samstundes viktig i høve framdrift for bompengesøknaden ikkje å gjere endringar i denne.

I arbeidet med og i vedtaket av arealdelen så er det også gjort klart at alternative løysingar for tilkomst til handelsparken skal utgreiast, før endeleg løysing og plassering av ein rundkøyring, er på plass.

Areal sett av til handelspark vart i vedteken arealdel ca halvert i høve det som var ute på høyring av planen. Mot slutten av 2015 vart det frå tiltakshavar av handelspark gjort klart at deira plassering av rundkøyring og tilkomst frå E39 kom i konflikt med bomstasjon nr. 3. Det vart frå dei presisert at plassering av rundkøyring her er heilt avgjerande for deira konsept for handelspark.



Utsnitt kommuneplanen sin arealdel (2015) med bomstasjon nr. 3

Førdepakken var då i prosess med å prosjektere bomstasjonane for å få desse ut på anbod og bygging i løpet av sommaren 2016. Det vart likevel teke initiativ frå Førdepakken i eit forsøk å finn ei løysing der bomstasjon nr. 3 vart flytta ca 400 m mot Bruland langs E39. Bomstasjonen vil då ikkje stå i vegen for dei løysingane som skal vurderast ved plassering av rundkøyring/tilkomst til handelspark.

Ein klar føresetnad for ein slik flytting var at Førdepakken kunne komme til semje med ny grunneigar om plassering av bomstasjon nr. 3. Det var/er ikkje tid i høve framdrift å regulere ny plassering av bomstasjonen. Målsettinga er å starte innkrevjinga i bomstasjonane 1. oktober 2016.

Flyttinga vil føre til at 5 nye eigedommar no kjem innanfor bomringen med sine tilkomstar til E39. At desse slepp å betale ved kjøring inn til Førde vil ikkje ha verknad for økonomien i Førdepakken.

Det er komme til semje/avtale med grunneigar, og det er gjort nødvendig avtale med tiltakshavar for handelsparken for å dekke meirkostnader med flytting av bomstasjonen. Det er samtidig gjort klar for utbyggjar at flytting av bomstasjonen ikkje er ei godkjenning av tilkomst til handelsparken. Plassering av denne må gjerast gjennom reguleringsplan med nødvendige vurderingar, og bruk av rundkjøring på E39 må godkjennast av Vegdirektoratet.

Førde kommune må no godkjenne flyttinga av bomstasjonen og søke Statens Vegvesen om endeleg godkjenning av flyttinga. Før det vert gjort endeleg vedtak, vil saka bli sendt til uttale til dei nabokommunane som var høyringspartar til bompengesøkanden (Askvoll kommune, Gaular kommune, Flora kommune, Naustdal kommune, Jølster kommune) samt fylkeskommunen.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Førde kommune søker Statens Vegvesen om godkjenning av flytting av bomstasjon nr. 3 E39 Bruland (Førde aust) i Førdepakken ca 400 m mot Bruland langs E39, og ber om at saka vert sendt til uttale til dei kommunane som uttalte seg i samband med bompengesøknaden samt Sogn og Fjordane fylkeskommune.
2. Vedtaket vert gjort i medhald av §13 i kommunelova – «hasteparagrafen».

Førde, den 30.03.2016

Ole John Østenstad  
Rådmann

Arve Seger  
Prosjektleder